

---

Saksnr: 2020/53201-3  
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

---

## Møteplan 2021 for fylkesutvalet og finansutvalet

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek kombinasjonsalternativet i saksframlegget som møteplan 2021 for fylkesutvalet og finansutvalet.
2. Fylkesutvalet vedtek at dagsmøter i fylkesutvalet vert gjennomført som fjernmøter.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen legge fram ei sak til fylkestinget i desember 2020, med ei samla oversikt over møteplan 2021 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

### Samandrag

På fylkestinget, 30.09.20, vart det lagt fram sak om møteplan 2021 for folkevalde organ. Det vart gjort vedtak m.a om at fylkesutvalet/finansutvalet får fullmakt til å sjølv sette opp sin møteplan.

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om møteplan 2021 for fylkesutvalet og finansutvalet, og presenterer følgjande alternativ for møteplanen 2021;

- a) 3-vekers alternativet
- b) 2-vekers alternativet
- c) Suppleringsalternativet
- d) Kombinasjonsalternativet

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

På fylkestinget, 30.09.20, vart det lagt fram sak om møteplan 2021 for folkevalde organ. Det vart gjort følgjande vedtak;

1. *«Møte i fylkestinget:*

- a. 10/11 mars
- b. 16/17 juni
- c. 29/30 september
- d. 15/16 desember

*Dagen i framkant av møta i fylkestinget skal settast av til gruppemøter og eventuelle fellesorienteringar.*

2. *Politikardagar:*

- a. 16. februar
- b. 20. september
- c. 25. oktober

3. *Fylkesutvalet/finansutvalet får fullmakt til å sjølv sette opp sin møteplan. Fylkestinget rår til at fylkesutvalet set opp ein fast struktur med faste møtedagar til sine møter.*

4. *Fylkestinget vedtek desse møtedagane i hovudutvala:*

*Som innstillinga.*

5. *Andre styre råd og utval:*

*Som innstillinga.*

6. *Heilskaplege møteplanar for 2021 skal fastsetjast av alle styre, råd og utval innan utgangen av 2020.»*

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om møteplan 2021 for fylkesutvalet og finansutvalet, jfr. pkt. 3 i fylkestinget sitt vedtak.

### **Vedtakskompetanse**

På fylkestinget, 30.09.20, vart det vedteke ei endring i delegeringsreglementet der mynde til å vedta den årlege møteplanen vert flytta frå fylkesutvalet til fylkestinget.

I pkt. 3 i vedtaket på fylkestinget 30.09.20, om møteplan for 2021, har fylkestinget gitt fullmakt til fylkesutvalet og finansutvalet å fastsette sin eigen møteplan for 2021.

### **Alternative opplegg for møteplan 2021 i fylkesutvalet og finansutvalet**

Fylkesrådmannen legg fram følgjande alternativ for møteplan 2021 for fylkesutvalet og finansutvalet:

- e) 3-vekers alternativet
- f) 2-vekers alternativet
- g) Suppleringsalternativet
- h) Kombinasjonsalternativet

#### **a) 3-vekers alternativet**

Regelmessige møter i fylkesutvalet kvar 3. veke. I alt 14 møter.

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			10/11			16/17			29/30			15/16
Fylkesutvalet	20	10	03, 26	15	06, 27	14		19	9, 27	21	11	02
Finansutvalet			03			14			27	21	11	
HU SAMO	12	17	23	27	25				20	12, 26	16	
HU KULII	13	17	25	28	26				20	13, 26	17	
HU OPPKO	14	17	24	27	25				20	14, 26	18	
HU NÆRIN	12	17	23	28	26				20	13, 26	17	
Fylkesvalstyre			10		27			19	21			
Adm.utvalet	21			20					17		24	
Politikardag		16							20	25		

### **b) 2-vekers alternativet**

Regelmessige møter i fylkesutvalet kvar 2.veke. I alt 20 møter.

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			10/11			16/17			29/30			15/16
Fylkesutvalet	20	03, 18	04, 18	07, 21	05, 20	02, 15		19	02,16, 28	15, 28	11, 25	09
Finansutvalet			04			15			28	28	11	
HU SAMO	12	17	23	27	25				20	12, 26	16	
HU KULII	13	17	25	28	26				20	13, 26	17	
HU OPPKO	14	17	24	27	25				20	14, 26	18	
HU NÆRIN	12	17	23	28	26				20	13, 26	17	
Fylkesvalstyre			10		20			19	21			
Adm.utvalet	21			20					17		24	
Politikardag		16							20	25		

### **c) Suppleringsalternativet**

I hovudsak det opprinnelege forslaget i saka til fylkestinget, 30.09.20, om møteplan for 2021, supplert med møter i mai og november. I alt 12 møter.

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			10/11			16/17			29/30			15/16
Fylkesutvalet	28	18	08	22	20	03		26	23	20	11, 25	07
Finansutvalet			08			03			23	20	11	
HU SAMO	12	17	23	27	25				20	12, 26	16	
HU KULII	13	17	25	28	26				20	13, 26	17	
HU OPPKO	14	17	24	27	25				20	14, 26	18	
HU NÆRIN	12	17	23	28	26				20	13, 26	17	
Fylkesvalstyre			10		20			26	21			
Adm.utvalet	21			20					17		24	
Politikardag		16							20	25		

#### d) Kombinasjonsalternativet

Ein kombinasjon mellom møter over to dagar og dagsmøter. Dagsmøtene vert gjennomført som fjernmøter. I alt 11 møter over 16 møtedagar.

	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			10/11			16/17			29/30			15/16
Fylkesutvalet	28	18	03/04	21/22	20	02/03		26	22/23	20	25/26	07
Finansutvalet			03			02			22	20	11	
HU SAMO	12	17	23	27	25				20	12, 26	16	
HU KULII	13	17	25	28	26				20	13, 26	17	
HU OPPKO	14	17	24	27	25				20	14, 26	18	
HU NÆRIN	12	17	23	28	26				20	13, 26	17	
Fylkesvalstyre			10		20			26	21			
Adm.utvalet	21			20					17		24	
Politikardag		16							20	25		

#### Vurderingar og verknader

På generelt grunnlag vil fylkesrådmannen peike på følgjande moglege verknader av alternativa for møteopplegg i fylkesutvalet og finansutvalet;

- Høg og regelmessig møtefrekvens vil kunne gjere det lettare å få til ei jamn fordeling av saksmengda i fylkesutvalet
- Høg møtefrekvens vil kunne gje rom for andre innslag på møteprogrammet enn vedtakssaker.
- Høg og regelmessig møtefrekvens vil kunne gjere det lettare å overhalde fristar i plansaker og høyringar.
- Høgare møtefrekvens vil krevje kontinuerleg administrativ deltaking og førebuing. Dette vil gå ut over administrativ leing og oppfølging av ein stor organisasjon.
- Todagars-møter vil gje rom for betre tid til sakshandsaming, besøk til kommunar og næringsliv eller andre synfaringar.

#### Tilråding frå fylkesrådmannen

Etter ei samla vurdering vil fylkesrådmannen foreslå kombinasjonsalternativet som opplegg til møteplan 2021 for fylkesutvalet og finansutvalet.

Etter planen vil fylkesutvalet ha gjennomført 15 møter i 2020. 5 av desse møta var ekstramøter utover opprinneleg møteplan, for informasjon om koronasituasjonen og handsaming av enkeltsaker innan tidsfrist.

Fylkesrådmannen vil tilrå at den samla møteaktiviteten i fylkesutvalet i 2020 vert vidareført i 2021, men at det i større grad vert lagt opp til todagars-møter i fylkesutvalet. I det tilrådde alternativet vert lagt opp til 11 møter over 16 møtedagar. Eit slikt alternativ vil gje betre tid til handsaminga av sakene i møta og moglegheit til å besøke kommunar, næringsliv eller ha synfaringar.

Fylkesrådmannen vil tilrå at dagsmøta vert gjennomført som fjernmøter for å redusere den samla reiseaktiviteten.

Etter at fylkesutvalet har fastsett møteplan 2021 for fylkesutvalet og finansutvalet, vil fylkesrådmannen etter ei samla vurdering, ta stilling til om det er aktuelt å legge fram forslag til justeringar i møteplanen 2021 for fylkestinget i desember 2020.

